

NVE

Avdeling for konsesjon og tilsyn

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deres ref.:

Vår ref.: 11441778

Dato: 8. september 2014

BKK Produksjon sine kommentarar til høyringsfråsegnene til konsesjonssøknaden for Dukabotn kraftverk

BKK Produksjon har motteke 11 høyringsfråsegner til konsesjonssøknaden for Dukabotn kraftverk. Ut frå høyringsfråsegnene ser ein følgjande tema som dei viktigaste:

- Landskapsverknadar av veg, kraftlinje og redusert vassføring
- Konsekvensar for friluftsliv
- Samla belastning

Desse tema er omtala separat i kapittel 1. Deretter er høyringsfråsegnene til kvar enkelt høyringspart kommentert dersom det er kommentarar ut over tema som er omtala i kapittel 1.

Miljøvurderinga som er vedlagt konsesjonssøknaden er grundig utført etter gjeldande krav. Miljøvurderinga peikar på at saka er godt opplyst, og at det føreligg eit godt grunnlag for å vurdere konsekvensane av prosjektet.

Dukabotn kraftverk er ikkje eit vanleg småkraftprosjekt, men eit opprusting og utvidingsprosjekt som vil nyttiggjere seg eksisterande reguleringsanlegg og vil tilføre kraftsystemet regulerbar og fornybar energi i tråd med nasjonale målsettingar og regionale planar.

Dukabotn kraftverk ligg ikkje i eit urørt område, området er allereie prega av kraftutbyggingar.

Innhald

1	Mest sentrale tema i høyringa	2
1.1	Verknader på landskap	2
1.2	Friluftsliv	2
1.3	Samla belastning	2
2	Fylkesmannen i Hordaland	3
3	Samnanger kommune	3
4	Hordaland fylkeskommune	3
5	Bergen og Hordaland Turiag	3
6	Forum for Natur og Friluftsliv (FNF Hordaland)	3
7	Norges Miljøvernforbund	3
8	Kai Morten Kleivane - grunneigar	4
9	Frode Martinussen – privatperson	4
10	Andre fråsegner	4

1 Mest sentrale tema i høyringa

1.1 Verknader på landskap

Fleire høyringspartar rår frå utbygging slik den er omsøkt på grunn av verknadane anleggsvegen og kraftlinja vil ha på landskapet. Vidare er det fleire partar som ynskjer høgare minstevassføring, der spesielt Samnanger kommune er konkret og foreslår 160 l/s.

Vegen vil bli bygd slik at den skal passe best mogleg inn i terrenget ved at ein vil ha minst mogleg skjeringar og fyllingar. Vegen skal vere ein trygg veg å bruke i anleggsperioden og driftsperioden, både med omsyn til steinsprang, snøras og brattleik. Slik BKK Produksjon ser det er det dessverre ikkje mogleg å gjennomføre utbygginga utan vegtilkomst, men det kan gjerast tiltak i etterkant av utbygginga som gjer at vegskråningar gror til og vert mindre synleg. Dersom kraftverket skulle ha vorte bygd utan veg ville det vere behov for å anlegge ein massetipp i nærleiken av det planlagde tunnelpåhogget. Slik gjennomføringa av tiltaket er planlagt vil tunnelmassar frå anlegget nyttast til etableringa og ferdigstilling av anleggsvegen og eventuelle overskotsmassar vert ført til eksisterande massetipp i Nedre Dukabotn. Dersom anlegget skal byggjast utan veg og kraftledning i luft, vil det uansett vere behov for å anlegge ein grøftetrase for legginga av kabelen og dermed vil summen av inngrep verte nesten like store som om kraftverket vert bygt med anleggsveg.

BKK Produksjon vil i dialog med grunneigarar og NVE vurdere om vegen ikkje skal vere open for allmenn ferdsel, slik at bruken av vegen vert minst mogleg.

Legging av jordkabel i staden for luftledning vil vere mogleg, men vil påføre prosjektet ekstra kostnader. I anleggsperioden vil det vere behov anleggstraum. Dette kan løysast ved at ein enten legg kabelen midlertidig i terrenget eller at straumforsyninga i heile eller delar av anleggsperioden baserer seg på aggregatdrift. Løysingar med enten midlertidig plassering av kabel eller aggregatdrift har begge ulemper og meirkostnader. Dersom det vert valt aggregatdrift vil det vere ein ekstra støybelastning i nærleiken av tunnelen. Kabelløysing er utfordrande på grunn av tekniske forhold samt omlegging av kabelen i anleggsperioden.

BKK Produksjon meiner at det er ein teknisk- økonomisk fordel med kraftledning i luft kontra jordkabel, og ynskjer hovudsakleg denne løysinga. Vidare meiner vi at meirkostnadane med kabel ikkje står i forhold til miljøgevinsten, sidan den nye linja vert ei forlenging av eksisterande linje og fylgjer vegtraseen.

BKK Produksjon meiner at forslaget til minstevassføring er tilstrekkeleg for å oppretthalda ein rimeleg god fosseverknad og ivareta biologiske verdiar, noko som BKK Produksjon meiner er dokumentert i konsesjonssøknaden og konsekvensutgrøininga. Gjennomføring av Dukabotn kraftverk vil etablere minstevassføring på ei strekning som ikkje har krav om minstevassføring i dag og der BKK Produksjon dag står fritt til å regulere vassføringa.

Som det er vist i konsesjonssøknaden er endringa av INON - området lite, noko som understrekar at området ikkje er urørt.

1.2 Friluftsliv

Verknadar for friluftsliv er påpeika av fleire partar, der det primært er opplevingsverdien av sjølve landskapet i Dukabotnen som vert råka av prosjektet. Dukabotnen er ein avskjerma dalbotn, der det historisk sett har vore forholdsvis lite ferdsel, sidan hovudferdselen har gått vest og aust for Dukabotnen. Med opninga av den nye turistforeningshytta Gullhorgabu, ser vi at dette ferdselsmønsteret kan endre seg framover, og det slik sett kan verte auka ferdsel gjennom Dukabotnen, som ein alternativ veg til eller frå Gullhorgabu. Med god tilpassing av veg og kraftstasjon i fjell meiner BKK Produksjon at opplevingsverdien av området ikkje vert vesentleg endra.

1.3 Samla belastning

Prosjektet ligg i eit område der vassdraga allereie er utbygde og regulerte. Etter vårt syn er Dukabotnen ikkje urørt, det er både eit bekkelinntak og ei kraftlinje der. Området ligg i ei randsone mellom eit utbyggt

vassdrag og eit polulært friluftslivområde. Dette prosjektet vil mellom anna ikkje vere synleg frå nokon av dei andre planlagte prosjekta i området. Det er søkjar si vurdering at utbygginga av prosjektet ikkje vil auke påkjenninga på omgjevnadane i eit større perspektiv. Som det er omtala i avsnittet om Landskap er reduksjonen i INON lite.

2 Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen går ikkje imot tiltaket ut frå forhold knytt til biologisk mangfald, men rår likevel frå utbygginga slik den er omsøkt på grunn av inngrepa med omsyn til vegen og kraftlinja. Dette vert kommentert i innleiinga. Som omtalt innleiingsvis vil det etter BKK Produksjon si meining ikkje vere mogleg å byggje kraftverket utan veg.

3 Samnanger kommune

Kommunen gir positiv innstilling til prosjektet. Kommunen meiner at prosjektet, i tråd med lokale namn, skal kallast Dukabotn kraftverk. Dette er BKK Produksjon innforstått med og vil heretter kalle kraftverket for Dukabotn kraftverk.

Samnanger kommune stiller krav til vern av mogleg hekkande fjellvåk i området. Vår kjennskap til fjellvåken, som er trekkfugl, er at normal hekkesesong er frå månadsskiftet mars/april og ut juni. Det vil berre vere tidleg i anleggsperioden at fjellvåken vil kunne forstyrrast av aktiviteten.

Samnanger kommune meiner også at minstevassføringa ikkje må setjast lågare enn 160 l/s. BKK Produksjon meiner at føreslått minstevassføringa er tilstrekkeleg og godt dokumentert.

4 Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Dukabotn kraftverk. Fylkeskommunen ber utbyggjar innmøtekomme krav om ikkje å byggje veg og kraftlinjer i området.

For omtale av veg og kraftlinje sjå svaret i innleiinga.

5 Bergen og Hordaland Turlag

Bergen og Hordaland Turlag viser til Fylkesplan for småkraft og meiner at prosjektet er i direkte strid med retningslinjene i fylkesdelplan for små vasskraftverk, fordi prosjektet i fylkesdelplanen ligg i området kategorisert som sårbart høgfjell av stor verdi. BKK Produksjon er ikkje samde i at planane er «i direkte konflikt med» fylkesdelplanen, då retningslinjene seier at ein i «sårbart høgfjell av stor verdi skal vere restriktiv med vasskraftanlegg» og der kraftstasjon i fjell er eit avbøtande tiltak. BKK Produksjon vil også poengtere at omsøkte prosjekt ikkje er eit småkraftverk i tradisjonell forstand, men eit opprustings- og utvidingsprosjekt der ein tar i bruk eksisterande reguleringsmagasin. Eit marginalt bortfall av INON syner at dette ikkje er eit urørt område. Ut over emna omtala i innleiinga har BKK Produksjon ingen kommentarar til uttalen til Bergen og Hordaland turlag.

6 Forum for Natur og Friluftsliv (FNF Hordaland)

BKK Produksjon registerer at FNF Hordaland er mot utbygging i Dukabotnen av dei same grunnane som er omtala i høyringsuttalelsane til Turlaget og viser til våre kommentarar her og innleiingsvis. Ut over emna omtala i innleiinga har BKK Produksjon ingen kommentarar til uttalen til FNF Hordaland.

7 Norges Miljøvernforbund

Norges Miljøvernforbund stiller spørsmål ved konsulentbruk i samband med konsekvensutgreiing av vasskraftprosjekt. BKK Produksjon nyttar uavhengige fagleg kompetente personar og selskap som gjennomfører miljøvurderinga etter gjeldande reglar og retningslinjer.

Elles er kommentarar angående INON og verknader på landskapet omtala innleiingsvis. BKK Produksjon og miljøkonsulentane si vurdering av jaktfalk er at denne i liten grad vil verte påverka av anleggsaktiviteten.

8 Kai Morten Kleivane - grunneigar

Ut over emna omtala i innleiinga har BKK Produksjon ingen kommentarar til uttalen til Kai Morten Kleivane.

9 Frode Martinussen – privatperson

Høyringsparten skriv at Dukafossen er ein uutbygd foss. BKK Produksjon ynskjer å presisere at dette ikkje stemmer, sidan fossen i dag er regulert. Ut over dette og emna omtala i innleiinga har BKK Produksjon ingen kommentarar til uttalen til Frode Martinussen.

10 Andre fråsegner

BKK Produksjon tar innhaldet til orientering, men har ingen kommentarar til fråsegnene til Statens Vegvesen, Direktoratet for mineralforvaltning og BKK Nett.

Venleg helsing
BKK PRODUKSJON AS



Wenche Teigland
konserndirektør



Ketil Konglevoll
divisjonssjef